

## 24. oktober – eit 40-års minne



Den 24. oktober er minnedagen til to organisasjonar, som ikkje utan vidare kan samanliknast. FN vart grunnlagd 24. oktober i 1945, då FN-pakta vart vedteken av 51 land. Seinare har FN utvikla seg til den viktigaste multinasjonale organisasjonen me har, trass i alle manglane organisasjonen har med tanke på å ordna sameksistens mellom medlemslanda.

Den 24. oktober er òg grunnleggingsdagen for Nordiska Museet i Stockholm. Artur Hazelius (1833-1901) opna 24. oktober 1873 dørene til utstillinga *Skandinavisk-etnografiska samlingen* på Drottninggatan. I 1880 omorganiserte Hazelius samlingane til Stiftelsen Nordiska Museet. I dag tenkjer me fyrst og fremst på det staslege hovudbygget som ligg på Djurgården. Det vart reist i åra

1888-1907.

I jubileumsåret 1973 vart Harald Hvarfner (1926-1975) «styresmann», som leiaren/direktøren for Nordiska Museet har heitt i alle år. Han var ein karismatisk og dyktig museumsleiar som diverre døydde altfor tidleg i 1975, berre 49 år gammal. Museet etablerte eit minnestipend etter Harald Hvarfner. Det vart i ein del år delt ut til prosjektsøknader. Stipendet skulle delast ut 24. oktober på Nordiska Museet, og mottakaren skulle halda eit foredrag som motyting. Det ville seg slik at i 1983 var eg den heldige som fekk stipendet. Eg hadde søkt om midlar til å sjå nærare på korleis svenske museum hadde samla seg om samtidsdokumentasjon, eller SAMDOK som forkortinga var.

Utgangspunktet for SAMDOK var at svenske museum hadde vorte sitjande fast i ein innsamlingspraksis, der dei på nytt og på nytt samla inn gjenstandar frå det førindustrielle samfunnet. Dei streva med å få grep om eit gjenstandsmateriale som representerte industrisamfunnets masseproduksjon. SAMDOK var eit svar på dette. Dels var det snakk om å gå inn i samtida med meir problemorientert dokumentasjon og innsamling. Dels stod SAMDOK for samarbeid og samordning.

I åra 1974-77 hadde eg vore tilsett som intendent på Folkminnessamlingen på Nordiska Museet. Då hadde eg kome i direktekontakt med SAMDOK-arbeidet i museet, dels som deltakar i eit prosjekt om finsk arbeidsinnvandring til Sverige<sup>1</sup>, og dels i eit prosjekt om dagsaktuell jordbruksdrift i Oviken, Jämtland. I 1977 fekk SAMDOK-arbeidet eit sekretariat ved Nordiska Museet, og i fleire år framover vart samtidsdokumentasjon det store «nye» i

---

<sup>1</sup> Eg skreiv denne rapporten i prosjektet: «Kniv, sprit och sisu». En preliminär rapport om stereotyperingen av finnar i Sverige. 1975

innsamling og dokumentasjonsarbeid, ikkje minst internasjonalt. I prosjektet som eg søkte om stipendmidlar til, ville eg sjå på korleis samarbeidet mellom musea var organisert, korleis det fungerte og kva resultat som hadde kome ut av SAMDOK-arbeidet. Våren 1984<sup>2</sup> brukte eg to veker på å reisa rundt til svenske museum og intervjuar leiarar og medarbeidarar om SAMDOK-innsatsen deira. I tillegg hadde eg heile tida etter at eg kom attende til Noreg i 1977, hatt tett kontakt med tidlegare kollegaer på Nordiska museet.

På markeringsdagen 24. oktober 1983 heldt eg eit foredrag som òg gjekk inn i eit samtidsdokumentasjonsperspektiv. Folkminnessamlingen hadde fått inn eit omfattande brevmateriale, der lesarar av vekebladet «Husmodern» skreiv inn til ein spåmann, Heikki Vesa, og bad om hjelp. I førelesinga presenterte eg førebels resultat av ein analyse av dette materialet.<sup>3</sup> Eg hugsar at ho som skulle presentera meg på førelesinga, bad meg snakk seint og tydeleg; det var ikkje sikkert at alle i salen var vane med nynorsk.

Når eg no har gått litt attende både i minnet og i publikasjonar, har eg òg sett litt på korleis det har gått med den høgprofilerte SAMDOK-innsatsen i svenske museum, slik me kunne observera det, spesielt på 1980- og 1990-talet. Både organisering og sekretariat eksisterte frå 1977 til 2011. Då vart det avvikla og erstatta av DOSS – *Dokumentation av Samtida Sverige*. Det er eit nettverkssamarbeid for tilsette som arbeider med samtidsdokumentasjon i museum og arkiv. Slik eg forstår det, er ikkje sjølve institusjonane verksame i DOSS. No er det interessa og innsatsen til einskildpersonar som er drivkrafta i arbeidet. I kva monn SAMDOK-tankane frå pionertida – meir problemorientert innsamling og dokumentasjon - er integrerte i innsamlings- og dokumentasjonsarbeidet i svenske museum i dag, er ikkje godt å seia, sjølv om den siste leiaren for SAMDOK-sekretariatet, Eva Fägerborg, hevda - i 2006 – at SAMDOK-tankane er integrerte i museumspraksisen ved mange museum og ikkje berre ei innovativ nyorientering.<sup>4</sup> I viss monn kan det kanskje hevdast at ICOMs komité for innsamling, COMCOL,<sup>5</sup> har teke opp både nye og gamle SAMDOK-tankar.

På norsk jord vart det i 2006 etablert ein sekretariatsfunksjon på Maihaugen for eit Samtidsnett for museum som arbeider med samtidsdokumentasjon. I åra 2006-2009 finansierte Kulturrådet eit fellesprosjekt, *På sporet av den tapte samtid*.<sup>6</sup> Dei seinaste åra har det vore relativt stille rundt dette nettverket, sjølv om det i åra 2018-2021 vart gjennomført eit prosjekt *Minner – samlingssted for samtidsdokumentasjon*.<sup>7</sup> Eg er redd det enno er rett å hevda at mange av dei kulturhistoriske musea i 2020-åra har like lite grep om

---

<sup>2</sup> Resultatet vart presentert som ein artikkel i tidsskriftet RIG 1987:3: SAMDOK – målsättning och genomförande.

<sup>3</sup> Analysen er publisert i Tradisjon 15, 1984: «Hjälp mej, Vesa!» Brev til ein spåmann.

<sup>4</sup> Eva Fägerborg: Samdok – from innovation to integration. CIDOC '06, Gothenburg 2006.

<sup>5</sup> "COMCOL is an International Committee of ICOM which aims to deepen discussions, and share knowledge on the practice, theory and ethics of collecting and collections (both tangible and intangible) development. COMCOL is a platform for professional exchange of views and experiences around collecting in the broadest sense. The mandate includes: collecting and de-accessioning policies; contemporary collecting; restitution of cultural property and respectful practices that affect the role of collections now and in the future, from all types of museums and from all parts of the world."

<sup>6</sup> Rapport frå prosjektet i 2009: På sporet av den tapte samtid. Kulturrådet 2009.

<sup>7</sup> Jf. nettstaden <https://minner.no/info/minnen>.

masseproduserte gjenstandar som dei hadde på 1970-talet. I staden har mange av institusjonane konsentrert seg om alle problema som dei har med det eksisterande materialet i musea, og der dominerer gjenstandar frå det førindustrielle samfunnet, både i magasina og i utstillingane.

Litt i kontrast til samtidsdokumentasjonspraksis i musea er det interessant å observera at Arkivverket i perioden 2013-2017 etablerte eit SAMDOK-prosjekt, tilsynelatande kledeleg uvitande om forløparen i museumsfeltet frå 1970-talet. I Arkivverket var SAMDOK-prosjektet eit svar på m.a. Riksrevisjonens kritikk om manglande samarbeid og samordning mellom ulike aktørar i arkivfeltet.<sup>8</sup>

---

<sup>8</sup> Sluttrapport 2018; ekstern evaluering i 2018:  
<https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/utviklingsprosjekter/avsluttede-prosjekter/samdok/om-samdok-prosjektet#!#block-body-3>